

# Osingen

Lokalhistorisk årsskrift 2007  
Utgjeve av Os Mållag  
**23. årgang**



# Osingen 2007

Utgjeve av Os Mållag

## INNHOLD:

### *Jimmy Øvredal:*

Vintervarsel ..... 3

### *Norvald Kobbeltvedt*

Med osingar på trebåtfestival ..... 4

### *Norvald Kobbeltvedt*

Bodil og Reidar Hylland ..... 6

### *Jimmy Øvredal:*

Een Høst rycker fræm! ..... 8

### *Barbra Røttingen*

Kåre Herdlevar ..... 9

### *Hildegun Nordstrønen*

Djevelen bur under trappa ..... 14

### *Hildegun Nordstrønen*

Om dialektar og mobilar

ein fin sommardag i Søre Øyane ..... 16

### *Olav Molven*

Bernt og Lars – arbeidsglade formidlarar. 18

### *Jimmy Øvredal:*

Flyverne ..... 28

Frostrøgen ..... 28

Larsok ..... 29

### *6A og 6B, Kuventræ skule*

Barnesider ..... 30

### Skriftnemnd

Barbra Røttingen,

Hildegun Nordstrønen

Norvald Kobbeltvedt

Elfrid Moberg

Terje Bøthun

Trykk: Grafisk Team as Bergen

Kr. 40,-

## Til lesaren

Årsskriftet Osingen er kome til eit vegskilje. Etter 22 år har Kåre Herdlevar takka av som redaktør. Skriftnemnda ynskjer å takka for ein formidabel innsats gjennom alle desse åra. Det er med stor glede og stoltheit me presenterer den spreke og engasjerte pensjonisten på Lyngheim.

Ein annan person som fortener takk for strålende innsats er Anna Margreta Lunde. I ei årrekke har ho drive viktig arbeid for Osingen.

Målsak og lokalhistorie har vore hjørnesteinane i Osingen. Desse sakene kan seiast å vera gjensidig avhengige av kvarandre. For å formidla både historisk og notids materiale er ein avhengig av ei levande målform som kan formidla stoffet på truverdig vis.

Felles for både målsak og historie er at menneske må til som formidlarar.

Årsskriftet for 2007 har som fokus menneske som kulturerarar. Gjennom personar som på ulikt vis har prega lokalsamfunnet i bygda vår, vil me visa sider av kulturen som syner kvardagen slik han var og er i Osbygda.

Årsskriftet Osingen har og vorte ein del av kulturen i bygda vår. Gjennom møtet med Bernt og Lars vil me gje eit bilet av personar som har sett av tid tid å driva dette viktige arbeidet i tillegg til svært mange andre oppgåver.

Noregs Mållag har i det 101. året sitt fokus på saker som påverkar menneske når dei tek opp manglande nynorske skulebøker, reklamebruk i næringslivet og kampen for å framleis nytta normert nynorsktale i NRK.

Skriftnemda som i år er samansett av fleire nye medlemmer vonar lesaren får gode opplevelingar i møtet med dette årsskriftet.

# Vintervarsel

Jimmy Øvredal

No flekkjer ein vinter tennar  
høgt oppi gulna gras!  
Han krökjer dei kalde hender  
og viser sin kvite stas!


Han pustar sin song i trekken  
– eit kaldsleg og hardt refreng:  
«Snart slepper eg ut or sekken  
ein våtsnø på veg og eng!

Og nåde då den som trassar  
mi våte og kalde hand!  
Eg rår over kvite kassar  
til høgste og lægste stand!

Men alle dei glade munnar  
som byd meg velkomen att,  
– og som uti hjartet stundar  
mot skigong og kjelkeratt,

sjå *dei* vil eg rett få lona  
med roser på glade kinn,  
og hjelpa dei til å skjøna  
at *kulden* er venen min»

Og høgt ved dei ljose toppar  
som yarslar om nedsnødd gras,  
sit kvitkledde typekroppar  
i lastelaus vinterstas.





Trebåtfestival i Risør 2007. Norvald Kobbeltvedt og Geirmund Dyrdal.

# *Med osingar på trebåtfestival i Risør*

Tekst: Norvald Kobbeltvedt

Foto: Christoffer Kobbeltvedt

Underteikna vitja trebåtfestivalen i Risør i august. Sjøgåande farkostar av mange slag var å finna, med variasjon i form, fargenyansar, alder, storleik, stilling og stand. Her var både færing og kongefarty. Men eitt var sams: Byggjematerialet var av tre.

Båtfestivalen i Risør, sørlandsbyen som er kjent for sine kvite trebygningar, er Norges eldste trebåtfestival, og han vart i år arrangert for 24. gong. Her var båtar frå inn og utland. Spe-

siell merksemd fekk eit seglskip frå Ukraina, med mannskap som ved dette høvet bar nasjonaldrakter.

Sjolv sagt er det at trebåten er festivalen sitt viktigaste fokus. Men festivalen er også blitt eit møtepunkt for ymse tradisjonar knytte til kystkulturen, t.d. bøtker- og reperryket, som begge vart ivrig demonstrert. Ein stor scene gav rom for framføring av song, dans, deklamasjon, teater og historiske tablå knytte til kystkulturen.

Vi er på jakt etter ein gammal kjenning frå Os: Oselvaren. Han har sin eigen utstillingsstand i dette miljøet. Og det kan sjå ut som han har høg rang, lett synleg som han er i fremste rekke etter at vi er komne inn. Tre tilsette frå Oselvarverkstaden i Os er på plass for å snakka varmt om kulturambassadøren frå bygdene ved Bjørnefjorden. Ein av



Trebåtliv på Bjørnafjorden.

dei er Hallgeir Bjørnevik. Då vi prøvde å få kontakt, sit han i intervju med ein journalist frå magasinet «Wooden boat» om særtrekk ved oselvaren. Dette amerikanske båtbladet har sete i Boston, og det kjem ut seks gonger i året og inneheld artiklar om trebåtar frå heile verda. Slik det kan sjå ut, kjem ein av dei, ved eit seinare høve, til å handla om oselvaren.

Etterkvart kunne Hallgeir fortelja at å vera tilstades i dette selskapet først og fremst er ein investering på litt lengre sikt. «Oselvaren vert lagt merke til. Når synet av desse vakre båtane får arbeida ei stund i hugen til folk, vert tronen etterkvart sterkare til å skaffa seg ein sjølv. Difor får vi gjerne telefon eit år eller fleire etterpå frå folk som såg båten første gong på nært hold i sørlandsbyen,» fortel han.

Frå leksikon kan vi lesa om denne båten:

«Oselvaren har i om lag 250 år vore namnet på ein robåt-type som har vore bygt på Vestlandet, og spesielt i nausta langs Oselvo, i fleire hundre år.

Båtbyggjarane Lars og Jørn Tøsdal bidrog til å gjera denne båttypen meir kjend utanfor Os òg, og på 1800-talet var oselvaren den dominante båttypen mellom fiskarane på heile Hordalandskysten. Båttypen er kjend for å vera stabil og særslig lett å ro. Mange av oselvarane har òg segl, for oselvaren er ein snøgg siglar, og no for tida vert det arrangert eigne meisterskap i oselvarsigling.

På byrjinga av 1900-talet tok dei fleste fiskarane til å bruka motorbåt, og då var det berre Os og Strandebarm som overlevde som båtbyggjarbygder i Hordaland.

Oselvaren er bygd av tynne, breie furubord og ein kjøl av eik. Han har berre tre bordgangar, som er klinka saman, og han er ein smekker båt å sjå på. Det finst enno nokre oselvarverkstader som er i drift i Os. På kommunemerket for Os kommune er det ein oselvar i gull.»

På festivalen møtte vi andre osingar enn dei fornemnde. Også tidlegare ordførar i Os, Geimund Dyrdal, og kona Karin Marit hadde tatt turen til Sørlandet ved dette høvet; ikkje utan grunn kanhenda, ettersom ordførar emeritus er formann i styret for oselvarverkstaden.


«Du kosar deg i dette landskapet du, Geirmund?»

«Du veit, det er noko eige med trevirke. Ein ting er alle dei fine båtane. Men mange av desse har ein utsjänad som er meisla ut gjennom fleire århundre. Heile den norske kysttradisjonen er jo bakt inn i det som omgir oss her. Å vandra rundt her gir meg ro i sinnen.»

Dette siste sluttar vi oss gjerne til. I skrivande stund står biletet av den vakre oselvaren med mast og segl sterkt i hugen vår. Kanskje teiknar vi oss på tingarlista om eit år eller fleire.

Kjelder: Wikipedia, Risør trebåtfestival. Nettside.

# Bodil og Reidar Hylland



Vi er i Setesdal i 1950. Ein ung mann frå Os er på ferie saman med venner. Der møter han ei livleg dansk jente, som saman med ei venninne har tatt turen frå «de brede bøge nær salten østerstrand» til norske fjell og dalar for å oppleva nye folk og stader.

## Osingar som vart pensjonistar på Sørlandet

Ungdommane kjem i snakk, pratar om laust og fast, likt og ulikt slik ungdom gjerne gjer. Samtalen går lett dei imellom, og når møtet er slutt, har namn og adresser blitt utveksla.

Om lag slik vart starten på eit langt liv mellom Bodil frå Ålborg i Danmark og Reidar Hylland frå Os og Noreg.

Eg møtte dei i deira noverande heim på Sørlandet i sommar. Begge lever sitt pensjonisttilvære på idylliske Flekkerøy utanfor Kristiansand. «Du veit, folk på Flekkerøy er etterkomrar etter setesdølar som kom for seint til amerikabåten,» skjemtar Reidaren, førebels heilt upåverka av sørlandsdialekten.

«Jau, vi har fått det fint på våre gamle dagar,» heldt han fram. «Eige hus med stor tomt, godt klima, og det beste av alt: Vår nære familie bur like borti her.»

Og det var der dette kapitlet i deira liv tok til. Eldstejenta Liss arbeidde i unge år nokre somrar på ein av Brandbåtane. Der traff ho sin ektemann Arne som var mannskap ombord. Han var eigentleg rekefiskar frå Bodø. Dei slo seg ned på Flekkerøya, som på den tida hadde ein betydeleg reketrålflåte. Dei fekk etter kvart fire sønner. Eldstemann Inge



vitja besteforeldra den dagen underteikna møtte dei. «Det er greitt å ha ungdommen her til å gje ei hand innimellom,» seier dei to.

Men det heile starta som nemnt lenge før. Bodil og Reidar vart etter kvart eit par. Dei gifta seg og flytte til Os. Reidar arbeidde i butikken på Osøyro, og her begynte også Bodil i 1954. «Far min starta butikken då han i 1929 kom til Os som ung handelsmann frå Gudvangen i Nærøfjorden,» fortel Reidar. «Det vart etter kvart ein ekte landhandel,» hug-sar han. «Vi selde alt, frå gummistrikk, grammofonplater + -stiftar, til manufaktur- og kolonialvarer. Vi hadde bakeri med eigne tilsette. I mange år kjørte vi varer heim til folk. Dessutan har Bodil alltid vore flink med hendene. Ho både vevde og broderte; åkle og løparar som også kom med i vareutvalet.»

På sekstalet var Hylland sine skillingsbollar vidgjete kjent. I vengeflokken prøvde vi det som var av den sorten.

Ingen kunne måla seg med Hylland sine. «Ja det var Johan Fretheim det», seier dei to. «Seinare heldt Einar Haugland den gode bakartradisjonen opp.»

Sjølv om det var travelt på jobben, så engasjerte dei to seg også på andre område i Os. Bodil var med i «Mødreklubben», ein støtteforening for det kristne barne- og ungdomsarbeidet i Os. Dei hadde julemesse ein gong i året, der dei fekk inn mange tusen kroner til dette føremålet. Bodil sine hender har produsert mange vinstar til denne messa.

Reidar vart som ung mann med i Os mannskor. Men störstedelen av musikkinteressa si fekk han stett gjennom sitt engasjement i «Stryken». Han spelte fiolin i Os musikkforening sitt strykeorkester. Her var han med i mest 40 år. Han humrar når han snakkar om dette, og nemner dirigentane Mons Lyssand, Henriken, Søreide og Brandvik. Det er tydeleg at dette vekkjer gode minne.

For mange yngre osingar er nok godteridisken og «Fru Hylland» det dei vil hugsa best frå den særeigne butikken. Her var eit mangfald utan sidestykke; søtsaker som for mang ein barnehug verka som eit eventyr: Jordbærisk, saltfisk, sjokoladefigurar, mange sortar kjærleik på pinne, karamellar og tyggis; alt saman i ymse storleik, form, farge og ikkje minst smak. Det var ikkje rart at så mange barn frå krinsskulane la vegen innom Hylland på veg heim frå svømmeundervisninga.

«Vi ville sjølv sagt selja,» fortel Bodil med sin lett igjenkjennende danske aksent. «Men ofte tok det all verdas tid, fordi ungane ikkje kunne bestemma seg. Dei hadde fått 10-20 kr som dei skulle snopa for, medan foreldra gjorde andre ærend. Så det hende at vi måtte skunda på dei.»

Når Reidar fyllte 60, byrja dei å trappa litt ned i vareutvallet. Og det var først då at dei to kunne få litt fri saman. Då var døtrene blitt så store at dei kunne avløysa foreldra innimellom. Samstundes byrja diskusjonen om kven som skulle overta geskeften. Men både Liss og Berit fann seg andre yrke enn å driva handel. Dermed valde Bodil og Reidar å avvikla i 1995. Butikken vart sold til urmakarane Linda og Per Tore Bakketeig. Om desse to har dei bare godt å seia. Dei restaurerte etterkvart huset etter teikningane slik dei var frå først av, med m.a. veranda ut mot øyro.

«Lengtar de attende til Os?» spør eg. «Nei, det er nok endestasjonen dette», seier dei to. Vi har det godt her. «Bodil har grøne fingrar», seier Reidar. Mangfaldet i floraen like ved vitnar om det. Det skjer også mykje kring dei fire barnebarna.

Reidar følgjer med i fotballen: Laget her nede, Fløy, spelar i same divisjon som Os.

Dessutan har dei tidd og ofte vitjing frå slekt og venner frå Os. Næraste butikknabo på Os, P.M. Sælen og kona Else er stadig innom. Og vi reiser også ein del, både til Os, Danmark og andre stader.

... seier dei to, som tidlegare var så sentrale i bygdebiletet på øyro; no utflytta osingar busette langs «den blode kyststripe», utanfor Kristiansand.

## Een Høst rycker fræm!

(Vildmarkens Søn)

Nu driver et Drag af een høstliig Pust  
læt hænover aldrende Blomster, som just  
har iført sig natliige Klæde.

Oc Luften har klarnet, saa Sigten bliir stor,  
saa Fiælde oc Skiær paa vor væstlige Jord  
mon skiænke os skarpere Glæde!

Oc Nætterne længes oc Mørket blir tæt;  
- du mærker at Vandet bliir koldt, ræt oc slæt. -  
mæns Rognebækklaser mon rødme.


Oc Hasselen byder sin Nøddehams fræm,  
mæns Laxen mon søger mod Ælven, - dens Hiæm,  
- i huilcken den finder sin Sødme!

Oc Uglen – høit oppi den ældgamle Eek –  
den uuler, saa Høstnattens Olding blir bleeg,  
oc frygter for optalte Dage!

Men Muusen, som løber med Nødder i Mund,  
den ængstes kun smaat for sin ydterste Stund,  
der hiæm med sin Fangst den mon drage!

Sliig svinder een Sommer mæns Dagerne gaar  
oc øger vor Alder oc bleeger vort Haar,  
i Livsløbets vilde Rabalder.

Dog har vi et Haab om at fødes paany,  
oc derved opleeve een Vaarmorgen gry  
paa nyt – i vor nyfødte Alder!



# Kåre Herdlevær

**oppførsmannen til Årsskriftet Osingen**

Av Barbra Røttingen

Ein tysdagskveld i mars 1985 var det kalla saman til eit møte på Austre Lurane på Haugsneset. I innkallinga er det å lesa:

«Me vil arbeida med å få gjeva ut eit årsskrift i Os. Som medlem av mållaget reknar eg med at du er interessert i å få igang eit slikt tiltak som eg trur vil vera god reklame for målarbeidet i bygda.»

Mannen bak dette initiativet var Kåre Herdlevær. Og i år vert det 23.årsskriftet utgjeve, så med det kan det vel trygt seiast at Kåre har lukkast.

I år er fyrste året Osingen vert utgjeve utan Kåre Herdlevær i skriftnemnda. Det kjennes difor naturleg å gje eit portrett av denne mannen som var opphavet til årsskrifter. Til eit blad som no er vorte ein naturleg del av kulturen i bygda vår.

## **Møte i seinsommarsol**

Det er langt ut i august. Lauvet på bjørka minnar oss om det, men i dag er det sol og varme som pregar Os -bygda. Me møter Kåre i den nye bustaden sin på Lyngeheim.

I døra ventar ein smilande og sprek pensjonist, og like bak han står kona, Ålaug. Like smilande. Like gjestfri.

I den varme augustdagen vert det naturleg å konversera utomhus. Terrassen til Kåre og Ålaug inviterer til utsyn over den vakre fjorden, med Bjørnen som ein massiv skugge lenger bak.

**– Kva var det som fekk deg til å starte dette arbeidet med å utgje Osingen?**

– Eg hadde lese Fanajul i fleire år, årsskriftet som Fana mållag gjev ut. Eg var leiar i Os mållag på den tida, og i samband med det deltok eg på fylkesårsmøtet til Hordaland mållag. Dette var våren 1985, og her fekk eg diskutert om det kunne vera høve til å gje ut eit årsskrift i Os. Eg vart oppmuntra til å starta arbeidet, og styret i Os mållag støtta tiltaket. Eg fekk med meg dyktige og engasjerte folk i skriftnemnda, – Henning Henriksen, Magne Krüger, Margit Tødal og Tom Hetland. Sistnemnde arbeidde som journalist i Midthordland, som lokalavisa heitte den gongen. Han var til god hjelp med si erfaring med redaksjonelt arbeid.

**– Korleis såg du føre deg at dette skulle kunna bera seg økonomisk?**

– Igjen såg me på kva Fana mållag hadde gjort med å skaffe seg midlar gjennom annonsørar i bladet. Me freista det same, og mange firma i Os sa ja til å støtta dette arbeidet. Vestlandsbanken som seinare vart heitande Fokus bank var heilt i front. Dei støtta oss med ei heil side første gongen! Såleis sikra me oss eit økonomisk fundament som heile tida har vore eit viktig tilskot til arbeidet.

**– Korleis har arbeidet i skriftnemnda vore?**

– Det har vore forholdsvis lett. Og interessant, sjølv sagt. Eg har fått gode folk med meg, – folk som har vore skrivekyndige og interesserte i lokalhistorie.

Sjølv har eg ikkje bidrege så mykje med direkte skriving, seier han smålåte,- men, noko har det no vorte.

**– Kva personar bør vera medlemmar av skriftnemnda?**

– Det må vera personar som er relativt skriveføre. I tillegg bør dei ha interesse for lokalhistorie og ha idéar om kva som kan skrivast om.

Det er viktig at dei er viljuge til å ta kontakt med kunnskapsrike folk i bygda som anten kan skriva sjølv, eller munnleg dela kunnskapen vidare.

Ja, og så ligg målsaka under som sjølv fundamentet, understrekar han.

**– Korleis var mottakinga av den første Osingen hausten 1985?**

– Den første utgjevinga vart svært godt motteke. Og sidan



har det berre vorte enda betre. «Kjem ikkje Osingen snart?» vert eg stadig spurd når hausten er på veg.

**– Kva har vore drivkreftene dine i dette arbeidet?**

– Den sterkeste drivkrafta har heile tida vore målsaka, det er det inga tvil om! Men det lokalhistoriske perspektivet har og vore viktig for meg. Eg såg at det ikkje var noko av denne kategorien i bygda vår, og det var noko eg mente bygda trond.

Det at årsskriftet etter kvart har vorte så pass etterspurd har og vore ei stor inspirasjonskjelde for meg.

**– Kva har Osingen hatt å seia for Os mållag?**

– Eg har med glede registrert at bladet har gjeve god økonomisk avkastning, og såleis gjeve eit sterkt økonomisk tilskot til Os Mållag. Mållaget hadde ikkje kunne drive som no, om dei berre hadde hatt medlemspengane å leva av. I tillegg fremjar det målsaka i bygda.

### **– Kan du fortelja litt om bokkvelden i Solbakkestova?**

– Den første bokkvelden i Solbakken var i 1997. Det har heile tida vore eit samarbeid med MK Olsen, Arne Mæland, Bente Bratlund og Det Norske Samlaget. Dette har vorte ein svært populær tradisjon, og der får me alltid høve til å presentera den siste utgåva av Osingen.

Det er som regel 70-80 menneske samla i Solbakken desse kveldane.

MK Olsen må framhevest, dei har alltid støtta oss med annonse og sal, i tillegg til arrangement i Solbakken. Ein viktig støttespelar!

### **– Kva har vore det kjekkaste med arbeidet i Osingen?**

– Alt har vore kjekt. Eg har hatt med meg flinke folk i skriftnemnda, og det har vore svært interessant å møta personar som t.d. Bakketeig og Irgens Hagevik, som eg begge har intervjua.

Det vart og lettare når me skifta trykkeri til Geografisk. Dei fyrste åra nytta me eit lokalt trykkeri her i bygda, men då me skifta til Geografisk, vart arbeidet lettare. Dei hadde godt grep om nyare dattateknologi, og har alltid vore svært profesjonelle med å halde tidsfristar. Samarbeidet med Bernt Kristiansen har og vore svært viktig.

Å ha med seg personar som Gustav Moberg og Lars Skorpen har og vore svært inspirerande. Dei har begge på kvar sin måte vore ei oppkome av lokalhistorisk kunnskap. I tillegg har dei vore skrivenføre og hatt eit stort kontaktnett i bygda.

### **– De har hausta mange gode ord i lokalpressa?**

– Lokalpressa har heile tida vore ein viktig støttespelar. Dei har alltid vore viljuge til å omtala årsskriftet, og framheva det med positiv omtale. Dei har vektlagt at Osingen har hatt interesante og gode artiklar.

### **– Og no har du altså slutta i skriftnemnda. Korleis er det?**

– Det er godt nein, etter så mange år, å sleppa alt ansvaret. Så lenge eg hadde ansvaret gjekk eg med dette i bakhovudet heile sommaren.

### **– Kva tankar og ønskje har du for Osingen i framtida?**

– Eg ønskjer at det skal vera mogleg å skaffa nytt stoff til bladet framover. Det skal ikkje mangla på lokalhistorisk stoff om ein leitar.

Eg meiner og det kan vera bra å ha med ein del artiklar som omhandlar tilhøve i notida. Det kan kanskje vera ein fin måte å få med seg fleire yngre lesarar på. Notida vert jo også lokalhistorie med tida.

– Ja, og så må alt stå på nynorsk, legg han til.

## **Innflytta Osing**

Kåre Herdlevær presiserer at han kjenner seg som ein osing i dag, sjølv om han ikkje flytta til bygda før i godt vaksen alder.

Han er fødd i Bremanger i Sunnfjord, men der budde han berre til han var 10 månader gammal. Så flytta familien hans til Samdal i Fana, der faren fekk arbeid som lærar på skulen. Der budde han til han var tolv år. Deretter flytta dei til Øvsttun då faren vart lærar på Midtun skule.

Han flytta til Os fyrste gongen i 1962 og fekk arbeid i kommunen som kommuneingeniør. Dene stillinga hadde han i tre år. Så flytta han med familien sin til Nøtterøy der han hadde same type stilling i tre år. Når han kom tilbake til Vestlandet arbeidde han i Fana kommune og Bergen kommune nokre år, etter at han i 1968 flytta tilbake til Os. Her vart han tilsett som teknisk sjef i kommunen i 1974. Denne stillinga hadde han til han gjekk av med pensjon 19 år seinare.

For arbeidet med «Osingen» og arbeidet i Os mållag har han fått fleire gaver av mållaget og diplom for «Framifrå arbeid med målsaka». Dette har han sett umåteleg stor pris på.

## **Møte med den store kjærleiken**

Då Kåre som ung mann var i det militæret, kom han til Tromøya utanføre Arendal. Året var 1947. Kåre hadde ein kamerat, Dagfinn Tveito, som hadde flytta til Arendal. Far til Dagfinn skulle halda eit foredrag i Austegdelaget, bondeungdomslaget i Arendal. Dei to unge karane vart med, og det var der han traff den flotte jenta frå Arendal. Ålaug og Kåre vart forelsa, og sidan har det vore dei to.

Eit mjukt smil lurer seg fram i andletet til Kåre når han fortel om dette. Den gode kjærleiken er ikkje noko ein treng halda inne med.

I 1951 gifta Kåre seg med Ålaug. Ho har trufast fylgd med mannen sin til ulike stader der dei har budd.

I 1952-53 flytta det nygifte paret til Trondheim, der Kåre hadde byrja på si høgskuleutdanning i 1952. Etterkvart kom det fire born, Rune, Magnhild, Kjersti og Heming. Dei fire borna er alle fødde på ulike stader i landet, Rune i Trondheim, Magnhild i Arendal, Kjersti i Bærum og Heming på Nøtterøy.

Då dei flytta attende til Os i 1968 bygde dei seg hus på Haugsneset, på ein flott tomt med utsyn over fjord og fjell.

Kåre og Ålaug har budd mange stader. Men den staden dei har budd lengst og vorte mest glad i er einebustaden på Austre Lurane. Det har vore heimen for både dei sjølv og borna i alle desse åra. Her har dei brukt mykje tid og arbeidskrefter, både innomhus og i hage. Det var ein praktfull heim.

## Teknisk sjef i Os kommune

Mange kjenner nok Kåre frå tida då han sat i den sentrale stillinga som teknisk sjef i kommuneadministrasjonen. Det var travle år, minnest Kåre. På 80-talet var det ei enorm utbygging i kommunen vår. Teknisk etat skulle halda styr med mange og store utbyggingar; heile Osdalen innover, Varåsen byggjetrinn 1 og 2, Gudrihaugen og Småhaugane. Ute i Lysefjorden var det utbygging av Hellebakkane, og på Nore Nese kom byggjefelta på Skorvane. Og Eikhaugen på Søfteland.

For å kunna kombinera denne jobben med rollen som familiefar var han avhengig av kona Ålaug. Igjen trekkjer han fram hennar fantastiske støtte i alt han gjorde.

For arbeidet i kommunane har han fått Heidermerke med diplom frå Kommunenes Sentralforbund.

## Dialekt

Kåre si dialekt er utprega vestnorsk, men Os-dialekt er det ikkje. Då Kåre vaks opp i Fana snakka dei Fanadialekt der. I tillegg er mor til Kåre frå Bremanger og faren frå Øygarden, så hans mål har nok vore mykje påverka av deira dialektar.

Då Kåre skulle flytte frå Samdalen til Midttun som 12 áring, hugsa han ei spesiell hending. Ein gammal ungkar i bygda sa til han at no kom det vel ikkje til å ta lang tid før han sa «jeg, meg, deg og seg».

IKKJE TALE OM! sa Kåre, – og sidan den gongen har han vore svært bevisst på å halda på dialekta si.

Påverknaden frå foreldra til Kåre har gjort at dialekta hans har i seg eitt eller anna som minnar om moredialekt. Mange trur han kjem derifrå, kan han fortelja.

## Folkedansen

Folkedansen og bondeungdomslag er fritidsinteresser Kåre og Ålaug alltid har delt. Så tidleg som i 1948 byrja Kåre med folkedans. Denne hobbyen har gjeve Kåre og Ålaug mange flotte opplevingar gjennom åra, – og mange reiser, både i inn- og utland.

Det er fint å møta likesinna, som ser stor verdi i å ta vare på den norske folkedansen, seier Kåre.

Dei fleste stader Kåre har budd har han vorte instruktør i folkedans på fritida. Me nemner i flengi- Bergen, Trondheim, Oslo, Nøtterøy, - og i Os. Og Ålaug har vore medinstruktør.

Og den som trur Kåre har slutta med dette no, tek feil,- han er i dag instruktør for leikaringen til pensjonistforeninga i Os og i ein leikaring i BUL, Ervingen.

Kåre har og vore delaktig i revisjon av bøker som er utgjeve om norsk folkedans.

Folkedanspionéren Klara Semb gav ut 6 rettleiingsbøker til norsk folkedans og 8 song/dans-bøker.

I samband med revisjon av desse bøkene var Kåre medlem av revisjonsnemnda for bøkene SONGDANS i 1985 og TURDANSAR i 1991. Når ein reviderte desse bøkene tok ein ut noko og la til nye dansar. Dette gav han hove til å setja seg inn i ting som han aldri elles hadde fått med seg.

For arbeidet med desse to bøkene fekk medlemmene i skriftnemnda spesiallaga gåver frå Noregs Ungdomslag. Han er også utnemnd til heiderslagsmedlem i BUL «Ervingen» for arbeidet med folkedansen og for innsatsen elles i lagsarbeidet.

## Mållagsarbeid

Alt i 1948 vart Kåre medlem i Bondeungdomslaget i Bergen. Dette laget var medlem av Noregs mållag, og slik kom Kåre inn i arbeidet med målsaka.

I 1974 var Kåre med og skipa mållaget Osingen i Os. Grunnen til dette var at Os mållag ikkje ville vera medlem av Noregs mållag. Såleis var det lenge to mållag i Os kommune.

Rundt 1984 kom det til ei endring. Kåre var leiar i Mållaget Osingen. Johan Langeland var leiar i Os mållag. Desse to karane byrja å snakke saman og vart einige om at det var tull å ha to mållag i same kommunen. Dette enda opp i at mållaga vart slått saman under namnet Os mållag, og det vart akseptert for å vera medlem av Noregs mållag. Leiar av det nye Os mållag vart Kåre Herdlevær.

Målsaka har alltid vore viktig for Kåre. Bondeungdomslaga har lagt stor vekt på å nytta nynorsk, og såleis har dette gått hand i hand med engasjementet kring norsk folkedans.

Borna hans er alle sympatisørar for nynorsken, men det er nok Heming, yngstemann som er mest bevisst i dag. Han bur i Hønefoss og arbeider i Statens Kartverk, og han skriv for det meste nynorsk.

Kåre vert spurt om kva han tenkjer om målsaka i dag.

– Det er mykje positivt. Eg opplever at nynorsk er mykje meir akseptert i dag enn det var for nokre år sidan.

Det som uroar meg er at det er vanskeleg for nynorsk ungdom å halde fram å skrive nynorsk når dei kjem på høgskule. Der vert det meste presentert på bokmål og ein må vera særdeles bevisst om ein skal halda på nynorsken og ikkje følgja med dei andre.

## Turlaget

Som om ikkje dette var nok for den aktive karen, har han og vore svært ivrig i turlaget i Os i mange år. Han og kona har alltid likt godt å gå på tur. Etter at dei vart med i turlaget i 1993 har dei vorte svært godt kjent i kommunen.

Då eg var teknisk sjef vart eg godt kjent langs vegane, men det å trø utanfør allfarveg vart ei ny og flott oppleving, fortel Kåre.

Og ikkje overraskande har det spreke paret også her engasjert seg og gjeve litt ekstra. Ålaug har vore med i styret til turlaget og Kåre har vore turleiar.

## Fysisk aktiv

Det er flott å møta ein så sprek og aktiv pensjonist, det synes både på den senesterke skapnaden hans og det ungdomsmelege kroppsspråket. Kåre har eit bevisst forhold til det å halda seg i form.

– Det er alltid viktig for mennesket å halda seg i aktivitet. Og viktigare vert det dess eldre ein vert. Det er forska på samanhengen mellom fysisk aktivitet og helse hos eldre, og det viser seg at det forlenger livet og sparar helsevesenet for mykje utgifter, fortel han.

I sin ungdom var han ein aktiv idrettsmann innanfor friidrett, orienteringsløp og langrenn. Men han vart berre «ung og lovande». Den fysiske aktiviteten vart bytt ut med folkedans, og han og kona var eit kjent par som springdansarar. Sjølv var han ein habil hallingdansar. Provet på fysisk aktivitet er Idrettsmerkestatuetten for begge to og idrettsmarkets Heiderspris for han.

## Fråhaldsarbeid

Kåre har vore ein organisert fråhaldsmann sidan tidleg i barneåra. Han har ikkje vore av dei mest aktive i organisasjonen. Men han har hatt tru på «eksemplets makt» og har levd deretter. Han vart tidleg med i MA og har fått MA sitt heidersmerke for arbeidet innanfor fråhaldsrørsla.

## Nytt husvære på Lynghem

I fjor selde Ålaug og Kåre det flotte huset sitt på Haugsneset og flytta til ein ny og lettstelt bustad på Lynghem. Det var etter at Ålaug vart sjuk og mindre førleg at dei innsåg at noko måtte gjeraast. Kåre måtte ta det meste av arbeidet, både inne og ute.

Det var vemodig å fytta frå Austre Lurane. Og verst var det nok for borna og barneborna. Men då dei hadde pakka og flytta alt ut, og huset stod tomt att, vart det betre. No var sjela borte og dei kunne gå vidare.

Bustaden på Lynghem er både moderne, lettstelt og lekker. Og utsikta mot Bjørnefjorden har dei framleis.

– Me er kome nærrare sjøen no, og kan til og med kjenne angen frå tare og salt sjø på dei rette dagane, seier Kåre blidt.

## Vital alderdom

Det slår ein mange gongar under samtalen med Kåre kor vital han er, på alle vis. Når dette vert kommentert vert han igjen engasjert. I tillegg til å halde seg i fysisk aktivitet er det viktig for han å vera oppteken av noko.

– Eg vil vera engasjert i samfunnslivet og følgja med i tida, seier han bestemt.

Då Kåre vart pensjonist, melde han seg straks inn i Os pensjonistforrening. Det var leikaringen som drog, og då Annanias Lien sa takk for seg som instruktør vart det Kåre som overtok. Og han held «koken» framleis. Denne aktiviteten saman med anna arbeid for pensjonistforreninga førte til at han i vår fekk pensjonistforreninga sitt Heidersmerke.

Han er i dag leiar i Os eldreråd og får av den grunn tilsendt alle sakspapira til formannskapsmøtene og kommunestyremøtene. Dette likar han godt å følgje med på.

Drivkrafta er framleis stor hos den 81-år gamle Kåre. Drivkrafta til å vera ein del av det sosiale samfunnet, vera engasjert og koma med sine bidrag. Kunnskapsnivået er imponerande, og hungeren etter framleis å læra nytt er stor.

– Me er sosiale menneske, avsluttar han, – me kan ikkje mura oss inne!

Seier Kåre Herdlevær. Folkedansaren, nynorskforkjemparen, villmarkingen, samfunnsborgaren og familiemannen.

Det er berre å takka.

Takka for halvannan time på Kåre sin flotte terrasse i mild augustsol. Der ein har fått vera med på ei reise med tilbakeblick på eit lang og innhaldsrikt liv som framleis bevarar av energi!

Denne mannen må leva etter Mahatma Gandhi sitt motto «Lær som du skulle leva evig!»

# Djevelen bur under trappa

Av Hildegun Nordstrønen

Ill.: ImpulSiv

Bror og søster brukte å vera gode vene.  
Han var to år eldre enn henne og svært stolt  
storebror.  
Mora og faren var ikkje ofte ute på vift, så det var  
nesten litt høgtideleg når borna skulle vera heime  
åleine ein sjeldan gong.  
Det er uvisst kva foreldra skulle denne spesielle  
kvelden, men bror og søster skulle styra huset i  
mange timer.  
Dette var lenge før parabol-fjernsyn og anna non-  
stop underhaldning, så dei måtte finna på noko  
spennande medan dei venta på at Lille Rosin  
skulle dukka opp på svart-kvit-skjermen deira.

Dei henta Barnebibelen.  
Det var ei tjukk, blå bok med skinninnbinding.  
Der var det for det meste tekst som dei ikkje orka  
lesa, men innimellom var det heile sider med rikt  
dekorerte teikningar og biletar.  
Det var vakre sider med englar på gater av gull og  
små lam og barn som leika saman i solnedgangen.  
Men det var ikkje berre idyll. Dei som kjenner  
bibelhistoria si, vil vera at det finst både gode og  
vonde i den boka.

På side fem var djevelen.

Han var teikna i fotsid kappe og hadde horn i  
panna.  
Han heldt ein lang kjøpp i handa, og dei smale,  
plirande augo hans røpte at han kunne finna på å  
gjera kva som helst med deg dersom du ikkje var  
snill.  
Han hadde det same sleske smilet som skurkane i  
Prærieheftet.

Berre tanken på han på side fem var nok til å få  
søstera til å grøssa når ho gjekk forbi bokhylla på  
høglys dag.

Ho pla syngja "Gud vil jeg skal være et  
solskinnsbarn" inni seg når ho gjekk forbi berre for  
å vera på den sikre sida.

No var dei åleine, bror og søster, og dei hadde endå  
til teke boka ned.

Det var mest ikkje til å halda ut.

Med skrekkblanda fryd opna dei boka og bladde  
langsamt mot Styggemannen, som han heitte i dei  
tider.

Hjarta banka hardt i bringa og fingrane skalv  
ørlite.

Broren spurde brått: "Trur-trur-trur du dette er  
lurt? Skal vi kanskje setja boka tilbake?"

Ho såg på dei oppspilte augo hans at han var redd.  
Då vart ho brått svært modig! Broren var reddare  
enn ho sjølv!

Ho slo opp på side fem og lyfte boka opp under  
nasen til broren medan ho nesten ropte:  
"Djevelen bur under trappa!"

Dei budde i eit Røllandshus som var eitt av dei  
mest populære husa på 60-talet.

Ned til den mørke, uferdige kjellaren gjekk det ei  
svært bratt trapp.

Under trappa sto varmtvannstanken.

Ein kvit klokkeforma skapning med ei lita dør på  
sida. Det såg ut som om det kunne bu nokon der.  
Ho fortalte den skrekkslagne bror sin at det var  
der han budde, Styggemannen. Under trappa i  
deira eigen heim! Han berre venta på eit høve til å  
slå kloa i den som våga seg ned i kjellaren.

Det var derfor tanken var varm på utsida.

Det var eit lite helvete der inne!

Brått gjekk det opp for henne kva ho hadde sagt.  
Kan henda var det sant?

Ho kjende jo litt uro kvar gong ho måtte ned dit!

Dei fekk det travelt med å kvitta seg med boka.  
Det var ikkje snakk om å setja ho på plass att i  
bokhylla.

Ho måtte bort, langt bort.

Dei tok mot til seg og kasta ho langt inn i eit  
skap ute i gangen. Skinnboka med dei tynne arka  
med gullkant yst på sidene flagra innover blant  
sko, paraplyar og anna rask som brukar å bu i eit  
gangskap.

Ho tenkte med skrek på englesidene som kunne  
komma til skade, men håpa at paraplyane ville gje



djevelen ein real omgang. Gud ville nok skjøna at det hasta med å bli kvitt djevelen og sjå med milde augo på at det gjerne rauk med ein engel eller to i basketaket.

Langsamt roa dei seg ned.  
Lille Rosin kom på skjermen og verka som medisin  
på to små sjeler som hadde møtt Styggemannen på  
side fem.

Då mora og faren kom heim sat bror og  
søster tett i tett under ullteppet på sofaen.

Mor ropte med glad stemme:

– Hei ungane mine!

Her var det ryddig og fint!

Har de ikkje vore i kjellaren og henta dykk is i  
fryseboksen slik eg ga dykk lov til?  
De er vel ikkje sjuke?

Bror og søster veksla blikk...

Ikkje ti ville hestar kunne fått dei til å gå ned i  
underetasjen.

Fryseboksen var nærmeste naboen til det kvite,  
klokkeforma Helvetet like under trappa.



# Om dialektar og mobilar ein fin sommardag i Søre Øyane ...

Av Hildegun Nordstrønen

Språkforskarar debatterer med jamne mellomrom språket vårt. Ulik forskning syner at dialektane er i endring og at dei tradisjonelle bymåla spreier seg til distrikt som tidlegare har vore dominerte av landsmål.

Det er usemjje blant ekspertane om kva som påverkar språket og kva som er normalt eller ønskjeleg. I sommar kom Osingen over ei overskrift på «Nettet» som fanga interessa: **Mobilens reddar dialektane?**

ABC Nyheter refererte i juli i år ei undersøking gjort av Perduco for Netcom i mai 2007. I undersøkinga går det fram at

1 av 3 nordmenn skriv SMS-meldingane sine på dialekt.

Ja, i den yngste gruppa, mellom 15 og 20 år, SMSar heile 2 av 3 nordmenn på dialekt.

Undersøkinga viste geografiske ulikskapar. Dialektbruken var høgast i Nord-Norge og på Vestlandet.

Vi skriv altså som vi snakkar?

Undersøkinga som vart gjort blant 1900 personar, viste at SMS-kontakt oftast er personleg og knytt til identitet. Vi likar altså å uttrykkja oss på ein slik måte at særegenitetene våre kjem fram.

Problemstillinga gjorde oss nysgjerrige.

Vi valde å ikkje fundera for mykje på korleis undersøkinga var utført eller om ho kunne kallast truverdig. Ho hadde gjort oss såpass interesserte at vi bestemte oss for å oppsøkja den krinsen i vår eigen kommune som tradisjonelt har vore

den som er kjent for å halda på den gamle osdialekten, Søre Øyane.

Kva tenker dei unge her om bruk av dialekt?

Brukar dei dialekt når dei SMSar til kvarandre?

Ein av dei få solrike sommardagane reiser Osingen til Søre Øyane.

Vi møter to ungdomar som har engasjert seg i bruk av dialekt.

Isak Sørstrønen og David Røttingen er to femtenåringar som synes det er viktig å vera om øyadialekten slik han er i dag.

Vi presenterer Net Com si undersøking for dei medan vi benkar oss på ein triveleg terrasse med måseskrik og frisk sjøluft.

**– Korleis er det, stemmer denne undersøkinga med det de opplever?**

– Nei, ikkje heilt. Dei to øyagutane dreg litt på det.

– Me vart ganske overraska, for dei fleste me kjerner skriv bokmål både når dei sender SMS og når dei kommuniserer via MSN.

**– Kvifor er det slik trur de?**

– Det er jo lettvint då! Med ei ordliste som foreslår bokmålsord automatisk kan det vera lett å berre bruka dei orda som kjem ferdige på skjermen.

**– Men undersøkinga seier at vestlendingane skal vera så flinke?**

– Me bur jo tett inntil ein stor by då. I allefall etter norsk målestokk, seier gutane og flirer. Det er kanskje meir vanleg med dialektbruk på mobilen i distrikta som ligg lengre borte frå Bergen.

Det er nok mange som blandar dialekt og bokmål også, legg David til. SMS-samtalane er jo ganske uformelle. Dersom undersøkinga reknar med alle innslag av dialekt som bruk av dialekt, vil eg tru at dei kan koma fram til eit slikt resultat.

**– Kva med dykk sjølve då?**

– Me prøver å vera bevisste på å bruka nynorsk eller dialeken vår i tillegg til mobilspråket med ulike forkortingar. Meldingane skal jo ikkje vera for lange heller!

Osingen har eigentleg fått svar på spørsmålet om bruk av dialekt på mobiltelefonen, men samtalene går vidare denne høgsommardagen. Det er triveleg å møta ungdommar som er opptekne av språk og dialekt og vi må nyta høvet til å spørja meir om emnet.

**– Når begynte de å interessera dykk for dialekten dykkar?**

– Då me byrja på ungdomsskulen på Nore-Neset, kjem det resolutt.

Me hadde ikkje tenkt noko særskilt på korleis me snakkar, men då me fekk nye vener som berre bur 5 km unna og høyrd forskjellen på dialekten, vart me svært forundra. Det er utruleg at berre så kort distanse skal gjera så stor skilnad i dialekten.

**– Kva tenkte de om dette då?**

– Det som slo oss var alle kommentarane me fekk på vår eigen dialekt. «Kvífor snakkar de så rart?» «Kva var det du sa no?»

**– Var det særskilte ord de fekk kommentarar på?**

– Ja, spesielt når me seier ø i staden for o, som kørkjen, høve og støvo, seier Isak.

– Men og når me puttar inn ein ekstra konsonant, som kobma og fjedlet, legg David til.

**– Endrar aldri de på dialekten då?**

– Me prøver å la det vera, men i blant må me endra einskilde ord for å bli forstått, seier Isak

– Når eg berre er med vene frå Nore Neset i mange dagar, kjem det kanskje eit par små endringar inn, men det er ikkje bevisst, seier David.

**– Korleis tenker de at de kan påverka situasjonen for dialekten dykkar?**

– Me har teke i bruk nokre av dei orda besteforeldra våre nyttar, som til dømes «eg hättå» i staden for «eg huska», men ellers prøver me å vera bevisste på å snakka slik det er naturleg for oss.

Me håpar at me kan seinka utviklinga slik ho er i dag med at dei gamle orda og uttrykksmåtan forsvinn. Ja, og så vil me visa at sjølv om ein er ung, er det tøft nok å snakka sin eigen dialekt.

**– De er ikkje redd for å verta stempla som litt sære nå?**

– Nei for oss er det viktig å vera stolte over vår identitet, så om nokon kallar oss Øyakrabbar, tek me det som eit komplement!

Det tikkar jamnt og trutt inn meldingar til dei to ungdommane medan vi har sommarpraten vår om mobilbruk og dialektar.

Så snart Osingen takkar for praten og den kalde colaan, kjem mobilane opp og lommene og tomlane til Isak og David flyg i imponerande fart over tastane. Det ser ikkje ut til at dei vert hemma av dialektbruken sin, tvert om!

Dei to gutane smiler og vinkar før dei går vidare i sommardagen. Unge, med livet framføre seg, og med eit sterkt ønskje om å snakka og SMSa slik det fell seg naturleg.

**Olav Molven**

# Bernt og Lars – arbeidsglade formidlarar

Kulturlivet i Os har mange byggjarar og berarar. Fleire av desse har gjort sitt til at vi har kunna lese om slikt folk frå farne tider. Det er både triveleg og lærerikt. Men bør vi ikkje komme dagsens formidlarar nærare?

Nett *det* fekk *eg* hug til, og kontakta difor to velgjerarar, då sjølv sagt både varsamt og audijsjukt før *eg* ba om samtale. Med kjennskap til deira livssoge – curriculum vitae, eller c.v. som det heiter no til dags – møtte *eg* karane i trivelege omgivnader.

**Bernt (Johan) Kristiansen** er «oppalen» på Haugsneset, saman med ei søster. Bestefaren på farssida kom frå Hau gesund, bestemora frå Moberg. Mora Emilie, f. Garvik, var fanabu med att frå Os og Austrheim.

Bestefar Bernt, far Kåre og farbrørne – som *eg* hugsar vel – var svært dugande trearbeidarar, velsigna med kunstnarlege givnader, til gagn og glede for osingar gjennom mange år.

Kåre sine spesielle interesser kom m.a. til uttrykk ved at han reiste i Europa for å sjå på biletkunst. Opplevingane skildra han då han kom heim. Og sonen fekk palett. Foreldra tenkte sikkert at det både var ei gild og klok gáve? For Bernt syntte tidleg talent. Han fekk difor – i beste familietradisjon – fagopplæring som tredreiar alt frå 11–12 års alder. Meininga var at han med tid og stunder skulle vidareføre verkstaden i Jordmorsvingen, noko han jamvel prøvde seg på i 90-åra.

Bernt tok sjølv sagt vel vare på kunnskap og røynsler frå heim og tidleg arbeidsliv, men utvikla seinare andre, manglungne evner og interesser på forvitneleg, utradisjonell vis.

Skulevegen vart noko stutt. Derimot har han via arbeidsplassar og uformell utdanning tufta på stor eigeninnsats blitt svært velutdanna, med omfattande produksjon bak seg som skrivande penn, høgt skatta illustratør og bokbunadsmann (layout-ekspert). I tillegg er han portrettmålар og tredreiar, driv med treskjæring og prøver seg som skulptør.

Eg merka meg mannen som dugande journalist i BT, arbeidsplassen hans i 28 år. Lite visste *eg* då om dei mange

**Bernt Kristiansen**

**Alder:** 61 år  
**Sivil status:** Gift, to born  
**Bustad:** Mobergshaugane  
**Utdanning:** «Sjølvlærd» etter artium  
**Yrke:** Bokbunadsmann med tilleggsoppgåver  
**Karriere:** Frå tredreiar, journalist til grafisk formgjevar  
**Tillitsverv:** Os Målarklubb, Fritio i Os, Os kulturutvikling  
**Aktuelt:** Bøker underveis. Portrettmåling

**Lars Skorpen**

**Alder:** 62 år  
**Sivil status:** Gift, fire born  
**Bustad:** Nordmarka  
**Utdanning:** Cand.mag., adjunkt  
**Yrke:** Lærar og historikar  
**Karriere:** Via musikk og flyging til skribent  
**Tillitsverv:** Os Musikkforening, Os Aero Klubb, Friidrettsstyret, Skriftnemnder m.m.  
**Aktuelt:** Spennande bokprosjekt



ulike oppgåver, leiar- og sjefsrollar han tok på seg i avis, frå han starta som summarvikar, fekk fast jobb, og til han slutta i 1995. Bernt var såleis sentral i den avis-tekniske revolusjonen som kom med datamaskinen og m.a. totalt endra typografyrket.

For nokre år sidan støytte eg på han som målar og i «Osingen», før eg fekk kjennskap til innsatsen hans for kulturlivet i Os, eit omfattande arbeid som ofte har skjedd heller stillfarande.

Bernt tok initiativet til møtet som førde til «Fritio i Os» (namnforslag frå Bjørg Bugge). Han var då formann i Os Målarklubb. Etter vellukka førsteår ville Kjell Bugge satse omfattande ved å leige Fjellheim ei heil veke, og såleis føre vidare ein revy- og skodespeltradisjon. Fritio endra då karakter, og mykje arbeid fall på Bernt. Han skreiv det meste av dei første revyane, laga scenografi, leia kulisse-arbeid. Libretto til ein lokal musical, «Litt av ein mann og mykje

til kvinnfolk», rakk han òg å skrive. Det er såleis ikkje få songar, viser og sketsjar som er komne frå hans hand, også ut over dei som vart Fritio til del.

Diverre har ingen fullt oversyn over denne innsatsen, men fleire meiner at ei BK-visebok kunne vere på sin plass ettersom der er mellom 100 og 150 tekstar å velje frå. Bjørnefjordvisa tykkjест særleg omtykt, og vert sungen rett som det er.

Mange har nytt og nyt godt av Bernt som førsteklasses bokbunadsmann, hans sikre skjønn og gode råd. Vakre døme er Fusa sitt sogeverk, der Bernt i tillegg hadde ansvaret for kart og teikningar, og dei to «Opptur-bøkene» frå Selja forlag, i år «Opptur Hordaland».

Men Bernt er meir enn tilretteleggjar av bøker, grafisk formgjevar. Han er ein skrivande bokutformar. Journalisten er ikkje «lagt på hylla.» Vi finn han som medforfattar eller hovudforfattar for ei rekke bøker. Osingane kjener truleg best dei to Gløymeboekene der han tok på seg eit omfattande



Lars som instruktør i seglfly over Os.

arbeid som ansvarleg for tekst og bokutforming. Biletoppsættet er flott. Tekstane vitnar om godt minne, sikker observasjonsevne, og lokalkunnskap av ypparste merke – også tydeleggjort for personar og deira plass i lokalsamfunnet. Bernt skriv med innleving og glede. Det er tydeleg at han ønskjer å gjere ein kulturell innsats for heimbygda.

**Lars Skorpen** er også ekte osing, fødd i fredsåret 1945, og har to søstre. Faren, Annanias S. «utvandra» fra Hegglandsdalen til sentrumskrinsen i 1941. Mora, Birgit f. Langeland, kom frå Samnanger.

I 1959, då bestemora i Dalen, Kristina S., f. Tveit, døydde, flytta heile familien dit og tok over bruket Tveitnes. Der var Lars alt husvarm. Han hadde vore dølasend i ferietider, og jamnleg elles.

I Hegglandsdalen vokste han trygt inn i ein tradisjon som følgde både boklege vegar og kunstnarlege fotefar, ofte med klare referansar til hovdingen Nils Tveit og hans manglungne innsats for Os, men også til kulturberarar som bestefaren, lærar Olav S. Han stod bak innföringa av nynorsk som skulemål i Hegglandsdalen i 1909; første krinsen i Os som

tok det steget. Ikkje rart då at Lars vart lærar med norsk og historie som særinteresser, og etter kvart sette seg til som bokskrivar.

No vart ikkje vegen dit nokon direkte rute. Mangt og mykje var han innom i yngre år då han – ubunden av skuledagar – hadde ferie- og fritid: Dreng, drosje- og lastebilsjåfør, maskingut til sjøs, butikkarbeidar. Likevel, to hovudinteresser er tidleg tydelege: Musikk og flyging.

Musikken satte han på frå 10–12 årsalderen. Lars utvikla seg via gode lærermeistrar til avansert fløytespelar med deltagning i fleire korps/orkester, i konkurransar, og til lærar- og dirigentoppgåver både innan- og utanbygds. Han kunne tvillaust ha valt musikkvegen i yrkeslivet.

Men den andre hovudinteressa tok etter kvart sterkare tak. I ung alder starta han nemleg også med seglflyging (flyet, Schul-Gleiter 1938 heng i taket på Flesland). Og Lars gjekk gradene raskt. Han vart OAK sin første to-seters instruktør, seinare skulesjef/ansvarshavande instruktør, sjekkinstruktør for Vestlandet og sentral person innanfor utdanning og flytryggingsarbeid i Norsk Aero Klubb. Etter ca 2500 turar og om lag 1000 seglfly-timar slutta han av i 1983 – 38 år gammal. Mange år var då gått sidan han slo frå seg utdan-



Bernt som oljejournalist i 1970-åra.

ning innafor flyging, som flygar eller flyingeniør. Han hadde prøvd seg som lærar i Musikkskulen, i grunnskulen utan- og innanbygds, og som militær befallingsmann. Dessutan var grunnlaget lagt for endeleg yrkesval med eksamenar frå UiB; cand.mag.-graden var på plass.

To kjenneteikn karakteriserer Lars når han engasjerer seg. Han endar alltid opp i lærar-posisjon – han *må* tilføre andre noko viktig for å vere nøgd sjølv. Dessutan – han er alltid «student» – han *skal* vidare, må lære meir. Yrket aleine mettar ikkje hans interesser. Ein naturleg kombinasjon har så utvikla seg: Lærar Lars som tenar og hjelpar for andre, pluss bokskrivaren som vidarefører og utviklar seg sjølv. I forteljarrollen kan han utfalde seg, og det likar han godt.

I Os-skulen har Lars vore sidan 1980. Han trivst så godt i skulestova at der vert han til pensjonsalder.

Første boka kom alt i 1985, men det er i dei siste 15 åra skriving av artiklar, hefte og bøker knytte til Os og osingar har teke mesteparten av fritida (Fig. 3).

Bak bøkene ligg eit omfattande samlingsarbeid frå både munnlege og skriftlege kjelder. Lars haustar velfortent ros for den innsatsen, men også for sitt gode språk. Han skriv «elegant og moderne nynorsk som skulle kunna gi boka ei

stor utbreiing i bygdene våre» er Arne Aarseth si vurdering når han omtalar boka om rosemålarane. «Boka er populærhistorie på sitt beste» og «... eit slektshistorisk minnesmerke over dei fremste av kunstnarane. Og det er ikkje lite».

I boka Lars arbeider med no, vender han – ikkje uventa – attende til flymiljøet for å fortelje piloten, tysnesingen Arne Mæland si innhaldsrike soge.

## Bernt & Lars?

Kvífor presenterer eg så Bernt og Lars saman? Desse to nynorskingane tykkjест då – slik vi nett har sett – ulike i mangt og mykje sjølv om dei begge ha valt bokleg veg? Sant nok, men ulikskapar er her eitt hovudpoeng. Dei samarbeider svært nært og fellesskapen har vakse fram just fordi dei er svært ulike i praktisk bokarbeid, og ved det utfyller kvarandre på ein flott måte.

Som partnarar gjennom 15 år kjänner dei kvarandre svært godt, er trygge i sitt fellesskap. Samarbeidet tener begge partar. Karane når sine felles mål, høyrr naturleg i hop. Eg finn det difor rett å skrive om duoen Bernt og Lars, to kultur-



Lars i musikken, her med Kuventræ Skulekorps.

velgjerarar og jamaldringar, i mangt og mykje «eit åndeleg fellesskap».

Dei er dessutan velvyrde representantar for trufaste, godt vaksne ressurspersonar innan kulturlivet i Os: Tenarar i full aktivitet med planar, målsettingar og fleirfaldige engasjement, med kunnskap om og kjennskap til heimbygda, liv og lagnader både i eldre og nyare tid.

Bernt og Lars brenn for det dei driv med, og ikkje minst er dei opptekne av heimbygda sitt ve og vel. Samstundes mårber dei vidare perspektiv.

Eg fekk hug til å møte karane.

Vi sette oss stemne på Solstrand ein vakker vårdag i mai, steig inn i «Storstova i Os». Fann oss raskt hoveleg arbeidskrok i ei vakker små-stove, og slo samstemte fast at *dette* sjølv sagt var langt bortafor dei voner om velstand vi evna å

sjå for eigne liv då vi var barn og unge. No derimot – som etablerte «ute-etarar» med roynsler både frå heimland og annan geografi – meinte vi oss rettkomne til å føre samtaler i eigen salong, både før og etter at vi var tekne hand om av velkledde og vel svarva unge kvinner ved middagsbordet!

Det var lett å tale med Bernt og Lars, oppglodde som dei alltid er for sine gjeremål

## Samarbeidet

Lars skriv framleis med blyant og viskelær, penn og blekk – «Det kjennest greiast slik», seier han. «Jamvel om det tykkjест gammaldags, sært.» Han må kjenne korleis tankar vert til ord som flyt på plass.



Bernt på revyprøve i Fjellheim i 70-åra.

Med det gjev han ikkje slepp på «skrifta sin estetikk». *Eg* trur at nett slik kjem både historikaren og læraren tydeleg fram, ein identitet vert stadfesta.

Lars kjenner tvillaust ansvar både for attersyn til faren tid og innsyn i samtid, ser utviklingstrekk, sporar samanhengar. Dette formidlar han sjølvsga i skulestova når det høver, men klarast kjem det til uttrykk i bokskriving.

Personlegdomen vert spegla av i ryddige, handskrivne manuskript som Bernt pregar i samtida sin typografi, m.a.o. arbeider fram via datamaskin. Utan denne stodige, tolmodige og trufaste hjelparen ville visseleg Lars møtt mange vanskar.

**Bernt** sit i andre enden av skrive- og prenteskalaen. *Han* vart – etter ein noko treg datastart sist i 80-åra – den heilhuga,

moderne formgivaren som med glød og givnad kasta seg over nyvinningane. I BT fekk han då til fulle utvikle sine allsidige evner ved nærkontakt med «den vesle grå kassen», som han fann innehold «komplett setteri, mørkerom, teiknekontor og administrasjonsavdeling.» Han vart raskt hjelpar og tenar for andre, er nysgjerrig og åpen for alle framsteg på data-sida.

At «Ein slik hjelpar er gull verdt», er eg samd med Lars i. «Bernt gjer alt han vert beden om, tar det på seg med synleg glede».

Bernt løynar såleis ikkje gleda ved å tilpasse, forme og farge, sjå resultat av eigen og andre sin innsats. Som framifrå bokbunadsmann er han ein ideell hjelpar og samarbeidspartner for den skrifefore lærar og historikar Lars, som kor-

kje har tid eller hug til å setje seg inn i alt det nye. Lars treng nærleik til emne og stoff som skrivars i beste «døla-tradisjon», og vil bli uroa av teknologien.

Resultata av fellesskapen finn ein tydeleggjort i Arne Aarseth sine bokmeldingar. Begge kan gle seg over eigen innsats og samarbeidet:

#### 1996:

«Språket hans er uvanleg levande og rikt, samstundes som det er velsigna enkelt. Han har sans for dramatikk .....». «Under Bernt Kristiansen si kyndige hand er det blitt eit gjennomført produkt. Oppsettet av tekst, teikningar og bilte gir eit svært tiltalande resultat».

#### 2006:

«Noko av det som gjer framstillinga til Skorpen så interessant er evna hans til å sjå historiske samanhengar». «Boka er ei lekkesak ..., og vakkert utforma av Bernt Kristiansen».

## Engasjement og tildriv

### Kvar tar dei energien frå, kva skaper tildrivet?

Dei meiner begge at svaret er greitt. Ein må bøye seg for faktum. Dei berre *er* slik. Heile tida må dei ha «eitkvart på gang», dei vil lide om ikkje skaparevna, kreativitet, vert nytta, tilfredsstilt.

Bernt har rekna ut at han treng 147 leveår for å få tid til å vidareføre det som er lagt i hans hender, medan Lars ikkje har gjort seg slike «dramatiske» tankar.

### Likevel, det er vel eit lågare tempo no etter at de har passert 60 år?

**Bernt** er rask med svaret: «Nei, det er same innsats, same fart. Eg må arbeide støtt! Eg er dømd til å arbeide under press. Trur sjølv at det er arbeids- og skaparglede som driv meg. Hittil i år (samtalet var i april) har eg skrive ei bok, måla tre portrett, vore med på to utstillingar og hatt eit engasjement i ein arkitektkonkurranse.

Rekorden min er 34 bøker på eitt år, men det året var spesielt såleis. Har ei kjensle av at eg er på stendig leit etter mine ultimate prestasjonar som bokmann, målar og skulptør.»

**Lars** følgjer opp ved å undrast om der nokon gong kjem rolegare tider: «Det er så mykje ugjort som det hastar med å få unna. Aktiviteten løftar og gler meg, både i læraryrket og med skrivinga. Eg står tidleg opp for å nyte arbeidsgleda. Det er godt når eg kan vere på arbeids-plassen i god tid, møte dei andre lærarane, få ei pratekøt før skulestova kallar til innsats. Jau, det er gildt i skulen, og eg tar gjerne vikartimar når det hover».

### Kva så med koner og born med slike menn og fedre?

Karane stussar ikkje med svara. Dei fastslår at utan kloke, tolmodige koner ville ikkje dette gått. Ektemakane skjønar at det er viktig det mennene driv med, og gjev tid og rom for deira uro og skapande kraft. Sjølvsagt har mennene därleg samvit rett som det er. Kan hende skulle dei farta meir omkring saman med kona?

Ettersom Bernt var stendig på farten då han jobba i BT, kjenner han at han har «reist frå seg», men han *har* vore på gild utanlandstur med sin næreste, og skildrar med stor innleving frå reisa.

Lars har større utferdstrong, og tar ferieturar saman med kona, helst i Nord-Europa. Andre stader «får vente til dei vert pensjonistar».

### Og ungane?

Vel, dei har no elles aldri venta at dei skulle «ta etter» fedrene sitt arbeids- og livsmønster. Borna har gjort andre yrkesval. Bernt sine born er begge i læraryrket, medan Lars sine har gått inn i praktisk retta arbeid. Og borna syner evner og givnader som fedrene tvillaust set ekstra pris på. Lars meiner forresten at hans born har markert positivt tildriv ved å «protestere mot Lars og boka» – slik han uttrykkjer det. Ikkje uventa gler han seg over deira musikk-interesser, noko han meiner er sterkt influert av ei musikalsk kone.

### Barneår

Sjølvsagt hugsar dei godt frå barneåra. Dei levde sterkt med i arbeidsdelinga som var vanleg i 1950-åra. Fedrene hadde arbeid og oppgåver av mange slag ute mellom folk, mødrane var den daglege, nære støtta for borna, samlingspunktet og tryggleiken i heimen – lim og bindingsverk – men nytta også tida til innsats andre stader når høvet baud seg.

**Bernt** sin far hadde gjerne fleire jobbar samstundes. «Han var kloggemarkar, skomakar, tredreiar og fabrikkarbeidar, Ja, sjømann også. Eg voks opp i ein proletarheim. Der var inga naud, vi hadde alltid nok. Far var snill, berre mor var snil-lare», seier Bernt med ein smil.

**Lars** sin far starta husflids- og møbelutsal, men «han var ufatteleg aktiv med mange gjermål. Ein periode var han leiar i 7 ulike foreiningar og lag, og var på farten støtt», fortel Lars. «Mor måtte stille i butikken når det trongst. Ho var administrator – styraren med oversikt».

Dei slår fast at å jobbe og tene pengar var ei plikt, ein trong pengar. Difor måtte begge gjere innsats i så måte. Lars hadde faste oppgåver heime etter skuletid, og var i inntektsgjenvande arbeid i alle feriar. Bernt levde på liknande vis og minnest spesielt den tida han gjekk med avisar – tente kr. 80 pr mnd, og gav halvparten frå seg heime. Han vedgår at han «gjerne sneik seg unna husarbeid» – utan å komme i samvitsnaud, trur eg.

## Mot vaksen alder

Musikken var **Lars** sitt første ankerfeste. Fire kveldar gjekk med kvar veke, og det var gildt å komme med i fleire orkester. Mellom dugande læremeanstrar nemner han spesielt Geirstein Mildestveit, karakteriserer han som «ein fortruleg person, reservefar».

**Bernt** gjev uttrykk for ei viss «rastloyse» i tenåra. Han lika ikkje skulearbeid før etter at han vart innmeld på realskulen og skjøna at han hadde boklege evner. Så reiste han til sjøs eit år. «Det var ei god investering, utviklande på det menneskelege planet». Deretter vart det gymnas på linje med engelsk og kunst som sentrale fag, og legendariske Thomas Breivik i hovudrolle. Likevel, etter to år «hoppa han av», gifta seg, gjekk i fast arbeid på Sildafabrikken medan han las opp til eksamen artium som privatist.

**Lars** var og utaskjers om enn berre i ein ferie. Han lika arbeidet, meiner han hadde «godt av det, det var utviklande.» Eigentleg ville han bli flygar fordi det til det berre trøngst realskule. Mora mislika valet, Lars «kapitulerte», tok to-årig ettermiddags-gymnas og sikta så mot utdanning til flyingeniør – med praksistid ved Bergen Jernstøperi, løn kr. 4.38 pr time for eit både interessant og lærerikt arbeid.

Eg noterer meg som viktig fellestrekkt at gutane vanka i «Intim-miljøet». Der møtte dei Sigurd Bugge (SB) som kommentator og inspirator. Dei fekk stor respekt for han, hans kunnskapar og givnader. **Bernt** skildrar korleis SB gav han oppgåver. Ei var å sjå filmar i byen for seinare å referere innhaldet. Han hadde «stort utbytte av å vere saman med SB og bli inspirert av hans interesser, tankar og synspunkt». Elles meinte SB at Bernt med sine mange hugmål og prosjekt måtte lære seg å velje dersom han «skulle komme i mål».

**Lars** trur «at Sigurden såg på *han* som eit språkmenneske, og difor m.a. ville læra han russisk. Ikkje med faste timar, men som daglege drypp». Enno sit mange setningar fast i minnet.

I ettertid har dei gitt attende til SB med grundig arbeid ved tilskipinga av Buggeutstilling i 1992 – deira første felles prosjekt: «Eit hefte om Vestlandsmålaren Sigurd Bugge».

### Bygda

Karane sine fedre, Annanias S. og Kåre K. samarbeidde i Os Målarklubb. Annanias var initiativtakar til starten, Kåre første formann. Rimeleg då at sønene byrja sitt samarbeid med å inspirere bygda til å lage Bugge-utstilling, og skrive om denne særmerkte og viktige kulturpersonen.

Seinare følgde dei opp med registrering av arbeid utført av treskjerarane Ola og Jakob Hjelle, med ansvar for tekst og utforming av heftet som Os Bygdekunstlag gav ut då folk fekk høve til å sjå Hjelle-arbeid.

Eg likar desse hefta svært godt. Når Bernt og Lars kommenterer hefta, er det tydeleg at dei ser det som særleg viktig

at kunnskap om desse kunstnarane (og andre) vert vidareført til yngre generasjonar. Difor fekk skulane klassesett som hjelpemiddel til å gi elevane kulturell ballast med seg frå deira eiga bygd. «Men vi er eigentleg usikre på om setta vert nytta i særleg grad».

Lars er elles fri nok til å framheve – nærmast sjå det som ei plikt for alle som bur i Os at: «Dei må i det minste lære seg første verset i Os-songen utanatt!»

### Men bygd- og bygdeliv som emne er omfattande – tida går snøgt i godt lag – og ei avgrensing må til.

Eg meiner å vite at **Bernt** alltid har vore interessert i hus, bygninga (Fig.4). Om utviklinga på Osøyro ytra han seg alt for ca 20 år sidan i «Osingen», synte brodd, spørte med undertone av alvor? Difor prøver eg å lokke han ute på «glattisen» i samband med dagens situasjon på Osøyro.

Svar kjem raskt: «Vi må leve og handle i vår tid, ikkje kjenne sorg ved at endringar kjem. Dersom ein vil vere med i diskusjonar, må ein vere både konkret og positiv for å kunne takast alvorleg». Difor har han tatt del i arkitektkonkurransen om utforminga for Telthus-plassen/ Baronsplassen.

Elles er det klårt at han – når vi talar om «Venezia-ideen» – «slett ikkje tykkjer det er høveleg med sju etasjar i sentrumsområdet».

**Lars** samtykkjer, godtek endringar, men – tiliks med felaugen – sjølv sagt ikkje for ein kvar pris.

Dei ser sjølv sagt at mykje vert gjort rundt om i Os. «Det er byggjefelt/prosjekt overalt. Innbyggjartalet er i stendig vekst, til norske bynivå. Når ein får ferdig den nye vegen, stig talet enno meir. Og hugs at innflyttarar gjerne vert dei største patriotane, dei målber ofte stor entusiasme for heimstaden!»

### Nynorsken?

Ei bynær bygd i omforming unngår ikkje språkdebatt, og nynorsk er ikkje velsett av alle. Den kulturkampen må førast. Os er heldig som har mange kulturberarar med heilhuga språkleg engasjement. Bernt og Lars er samstemte i at nynorsk og norsk elles må vi ta vel vare på.

«Språk er kulturarv – og identitet».

**Bernt** er ottefull over utviklinga når han syner til ferske røysler som leksehjelpar for barnebarn: «Eg les brev frå skulen som slett ikkje held mål. Det skortar både på norsk-kunnskap og skrive-evne. Noko er hakkande gale!»

**Lars** understrekar: «Læraren må kunne korrekt nynorsk/bokmål. Verktøyet i skulestova er målet. Det er basis for all undervisning og må vere i orden!»

Med einskildord som døme klargjer han kva *han* meiner med at «nynorsk og bokmål skil lag som språk».

Lars sitt generelle råd til elevar er å velje nynorsk som hovudmål. «Då oppnår dei best resultat i norsk – nett slik norskprofessoren, bergensaren Willy Dahl har halde fram i skulemåls-debattar».



Karane er samde i at altfor mykje er tillatt på nynorsk no om dagen. Det er til ulempe både for elevar og lærarar. Læren Lars påpeikar – om nokon skulle lure på det – at han «definitivt ikkje er samnorskemann!»

## «Osingen»

**Bernt og Lars** har ytt for å halde liv i bladet. Lars har vore i Skriftnemnda frå 1997 til 2006, og har skrive 11 artiklar i Osingen, 10 dei siste 8 åra. Bernt har ikkje vore særleg aktiv som skribent, men med ansvar for bladbunad og trykking er han no sentral hjelpesmann for skriftnemnd og skrivarar.

Sjølv sagt er dei opptekne av «Osingen» – liv og lagnad – og lette å be om kommentarar.

«Kåre Herdlevær har gjort ein kjempejobb gjennom mange år», seier Lars, og legg til: «Bladet er skrive av nynorskfolk. Det gir identitet, er god reklame, og det trengs. Samla sett er det publisert mykje god dokumentasjon, men den skulle vore sett betre i system.»

Bernt understrekar også Kåre H. sin innsats. «Det er han som har halde det heile i gang.»

Den nye skriftnemnda har ei utfordrande oppgåve, og «veteranane» Bernt og Lars ønskjer dei lukke til – før dei legg til:

**Bernt:** «Bladet kan sjåast som eit julehefte for Os Mållag, men burde vel eigentleg vere noko meir? Eg ser at andre, liknande blad, har større volum, er gjerne relativt grundige

historie-skrifter. Slik sett er Osingen heller tunn, med lite volum.»

**Lars** er samd i synspunkta: «Personleg ønskjer eg at Osingen skal vera eit lokalhistorisk tidsskrift med større volum, ikkje berre eit julehefte for mållaget. Då måtte ein kunna ta imot ein og annan god artikkel også på bokmål – i historiefaget sitt namn.»

Med tankar om Osingen og ei sterkare lokalhistorisk tilnærming, tok seinkvelden tak i oss. Vi rusla difor på stødige hotellføter mot resepsjonen, nikka sjølvtrygge og takkande til dei som augefylgde oss – nyttta hovudutgangen – kom ut i fri luft.

Eg fekk skyss med karane til Osøyro, takka for hugnadsfylt samvær, ønskte dei lukke til vidare, sat kort tid etter på bussen til Bergen. Eg hadde møtt to sekstiåringar som korkje har spart seg – eller sparar seg – i arbeid til beste for bufaste og utflytta osingar. Dei skal ha hjarteleg takk for det!

Men utan kloke, tolmodige koner og snille born er eg redd dei kunne ha gått i «åndeleg skorfeste». Hjarteleg takk til heimane og!

## Flyverne

(Vildmarkens Søn)

Der flyver et Frø i den høstlige Træk.  
Een hviid, liiden Faldekiærm mon føre det væk  
fra Stilken, hvor Blomsten mon smiile!  
Det jages vilkaarlig i Natbriisens Pust  
hist hænover Vande, – oc Ænger, som just  
har Plads til et Frø til sin Hviile!

De modnedes der paa den høireiste Fod,  
hvor svaiende Blomster stod Vinden imod  
mens Sommeren hastig mon liide.  
De møtte i Natten den kæliige Vind,  
som sa: « I er moden! Bli med oc se ind  
i Fræmtidens Lande saa viide!»

Saa tog de farvel med sin hiemliige Stavn,  
oc flygtet i Vinden hist hænmod een Havn  
hvor ukiændte Marker mon kalde!  
Oc ænkelte lyktes, – dog andre faldt ned  
i bitter Elændiigheid, langt fra det Steed  
hvor de hadde ønsket, at falde!

Dog – nogen faldt stille ved Hiæmstavnene ned,  
oc fandt væl een kiændt – om end kieedelig – Freed,  
hvor Fædrenes Røtter var plandet!  
Der voxte de op, oc fandt Ro i sit Sind,  
oc modstod det mæste – fra Brandsol til Vind.  
Kun siælden du saa at de skrandtet!

Sliig drager et Mænniskebarn fra sit Hiæm  
oc vandrer tilfældig i Værden blant dem  
som jager i Livet mod Lycke.  
Dog altid bliir nogen igjen paa sit Steed,  
oc finder just der den forjættede Freed,  
oc pudser sit steedbundne Smycke!

## Frostrøgen

Af Vildmarkens Søn

Der driiver een Røg over Vandspeilet hæn  
i Morgenens Dæmring, – hvæm kiænder ei *den* –  
naar Høsten sin Ankomst mon mælde.  
Een Aande af Uskyld, samt svindende Glød  
af Sommer, da Vandet sin Svalelse bød  
hvær Siæl blandt de høireiste Fiælde!

Dog skeer det at Røgen – som nyspundet Slør –  
tar Form af en Quinde, som Høstvandet trør,  
oc strækker smaa, blaafrosne Hænder!  
Men saa bliir hun borte paa underfuld Viis,  
thi Lægemet svinder i morgenblaau Diis  
før Høstsolen Straalerne sænder!

Kun saadan kan Frostrøgen skiænke os Glød  
af leevende Væsener – midt i sin Død,  
- før Himmelens tar den tilbage!  
Men Mindet om Frostrøgens Quinde kan gi  
os klarsynte Træller een Sommer paa si,  
mæns andre faar Kulden at smage!

Saa hver Gang du fristes at sovne hænpaa  
een Høstdagens Morgen naar Luften er blaau  
oc Røgen mon driive paa Vandet, –  
da afslut din Hviile, oc opstaa med Hast  
oc opsøg dit Vand, der hvor Røgen i kast  
mon hvirle mod sylliige lande!

Da faar du kanhænde een klarsynt Vision  
af Frostrøgens Quinde – een kold Skabelon –  
som danser Balæt der i Røgen!  
Daaabnes dit Øie; – da vaagner dit Sind  
oc Blobtrycket stiiger, oc farver dit Kind,  
– thi Quinden er vacker oc nøgen!

Saa derfor – grib Dagen i Morgenens Gry,  
før Frostrøgen svinder mod Himmelens, ny  
oc klar der den gradvis oprinder!  
Da øges din Livslyst, saavæl som din Gnist,  
oc jeg kan forsikre dig, sickert oc visst:  
Dit høstlige Tungsind forsvinder!!

Kva kallast ein  
ridetur på ein vill  
hest?  
Eit mareritt!

## Kuventræ

skule er bygd i 1979. Det går 220 elevar på Kuventræ skule. Dei 220 elevane er fordelt i 12 klassar frå 1.-7. klasse. Rektoren på skulen heiter Per Olav Sørås. Det er 39 tilsette med rektor. Kuventræ skule har fem forskjellige bygg, med lærarrom og kontor. Vi har ein gymsal og eit symjebasseng like ved skulen. Der har vi gym, symjing, spelar handball, har trampett og om vinteren spelar vi fotball inne. Ungane leikar, spelar fotball på krøllgraset i ballbingen, spelar kanonball, basketball, volleyball, leikar i skogen, passar på fadderbarna og er med fadrane og hoppar tau.

Kvifor døde Kaptein Krok? Han pitla seg i nasen med feil hand

# Barnesider

laga av **6A og 6B, Kuventræ skule**

## EIN HEILT VANLEG DAG MED VIKTIGE VAL

Vel dine vaner! - stryk over dei vanane du vel bort

Den batteridrivne/oppotrekkbare vekkjarklokka ringjer, rrrrrrr! Du er kjempetrøtt, og ligg i senga ti minutt til. Du står opp og tar deg eit varmt bad slik du pleier / ein rask dusj for å vakne skikkeleg.



Du grip hårfønaren og held på i 15 minutt for å få den sveisen du vil halta kammen og kjemmer fort gjennom håret. Er det noko bra musikk på morgonkvisten? Du skrur på radioen, og smørjer deg eit par brødskiver. Det er litt for varmt på kjøkkenet så du opnar opp vindauge / skrur ned varmen på omnen.



Brått oppdagar du at du har därleg tid. Du lar radioen stå på / skrur av radioen og går på badet. Du skrur på varmtvatnet / kaldvatnet for å pusse tenna, men du oppdagar at du har gløymd å ta på deg sokkane dine! Du skrur av vatnet / lar vatnet renne medan du spring inn på soverommet. Før du spurtar ut, slengjer du matpakken / matboksen ned i sekken. Du tar med deg gymtøyet i eit bærenett / plastpose.




På skulen har dei kladdebøker med miljøvennleg papir / klorbleika papir. Alt papiret som blir kasta på skulen, går sjølvsgart til resirkulering / rett i søppelkassa.

Etter skulen blir du med nokre venner på kino. De syklar / tar bussen / blir køyrd. Når du endeleg kjem heim, er du stuptrøtt! Du set deg ned for å sjå på TV, men sovnar nesten i stolen. Du lar TV'n stå på / slår av TV'n og går for å leggje deg.

Det er kaldt på rommet, så du set omnen på full guffe / legg eit ekstra ullteppe over dyna.

Zzzzzzzzzzzzzz !




# Jorda

Jorda er hagen og heimen vår.

Vi må stella fint med hagen  
slik at han held seg fin og frisk.

Og vi må ta vare på heimen, slik at vi kan leve trygt.

Vi må gjera det godt for alt liv på jorda.  
For dersom jorda blir sjuk, er det vi som blir sjuke.  
Dersom jorda dør, er det vi som dør. Men det er  
ikkje for seint å redde jorda.



Det er mykje forureining mange  
stader, men dersom vi brukar  
solenergibilar, blir det mykje  
mindre, forureining.



Danse er gøy.  
Danse er bra.  
Du kan danse ein dans som gjer deg glad!



Riding er **kjempesjøy**, men det  
viktigaste er å passe på hesten og  
vere **glad**. Ta gjerne ein tur minst  
2–3 gonger i veka med  
skritt, trav og **kontrollert galopp**.  
Dette lærer du på **rideskulen**.

## Fíre kjappe

1. Er det oteren eller beveren som feller tre og byggjer hytter?
2. Kan du eit anna namn på nøkkerose?
3. Kvar lever pumaen?
4. Kan uglene sjå om dagen?

Kvifor hadde svensken med seg to kostymer på karneval? Fordi han skulle kle seg ut som rullingart!

## Gåter

1. Korleis kan vi vite at Tarzan var svensk?
2. Veit du eit ord på tre bokstavar som byrjar med bensin?
3. Kva finst mellom berg og dal?
4. Kva støyter du på to gongar i sekundet, men berre ein gong i timen?
5. Kva kom først, høna eller eggat?
6. Kva for eit dyr kan hoppe høgare enn Eiffeltårnet?
7. Kva trur du det er som luktar når mjølka svir seg?
8. Kva for ei øy var den største før Grønland blei oppdaga?

1. Bokstaven e.
2. Bil.
3. «Og».
4. Hona sjølvsaig! Du trur vel ikkje Gud legg  
egge.
5. Alle, før Eiffeltårnet kan ikkje hoppe.
6. Nasá.
7. Grønland.
8. Nasa.

- Kva heiter dei tre norske hesterasane?  
*Fjording, Dolahest og Nordlandshest.*
- Kva slags reiskap bruker ein for å reinse høvene på ein hest?  
*Hovskrake.*

## Rop om hest!

### Hest er best, ingen protest!



Kaniner er bløte,  
kaniner er små,  
alle er søte  
og mange er grå!  
Mange rømmer  
og rundt dei løper.  
Eg tømmer kaninburet  
og røper kor mange  
kaniner eg har hatt:  
Det er 18 kaniner!

## Bokmelding

### Anne Frank

Anne Frank (født 1. juni 1929 i Frankfurt am Main, døydde av tyfus i februar/mars 1945) var ei tysk-jødisk jente som saman med familien sin og fire venner gøynde seg i Amsterdam under den andre verdskrig då Tyskland okkuperte Nederland. I løpet av denne perioden skreiv Anne Frank dagboka som er blitt verdskjend og har blitt oversett til ei rekke språk. Vi har lese boka, og syntest ho var både trist og spennande.

12. juni 1929 blei Anne Frank fødd i Frankfurt, Tyskland. Ho flytta til Amsterdam då ho var 5 år i 1935. 10. mai 1940 invaderte Tyskland Nederland. Berre fire dagar etter overgir Nederland seg. 1941 måtte Margot, søster hennar, og Anne overførast til jødisk skule. På 13-årsdagen fekk ho dagboka, Kitty, som er blitt verdskjend.

Fra april 1942 måtte alle jødar gå med ei gul stjerne, for nazistane ville vita kven som var jødar. Det var samtidig som Anne Frank og familien hennar måtte gå i skjul. Dei gøynde seg i kontorbygningen til faren, Otto Frank. Dei

hadde ei bokhylle framom døra slik at ingen kunne tru at det var nokon som gøynde seg bak der. Det budde åtte personar inne i den trone bygningen.

Dei var i skjul frå 6. juli 1942 til 4. august 1944, då blei dei oppdaga og ført til ulike konsentrasjonsleiarar. Det var ei grusom oppleving for Anne med lite mat og mykje sjukdom. I mars dør Margot og Anne av tyfus. Margot dør før Anne. 15. april ein månad etter Anne Franks død blei Bergen-Belsen frigitt av britiske troppar. 8. mai blir krigen i Europa slutt.

Då krigen var slutt, reiste Otto Frank, som var den einaste som overlevde av dei som skjulte seg, tilbake til Amsterdam i håp om å finne kona og døtrene i live. Der blei han fortalt at både Margot og Anne var døde. Då Miep, ein av hjelparane deira, fekk vite at Anne aldri vil kome tilbake, fortalte ho Otto at ho hadde redda Anne si dagbok. Ei linje i dagboka lyder slik: «Eg vil leve vidare etter min død ... »

Og det var den linja som gjorde at faren bestemte seg for å utgje dagboka. Etter at ho blei utgitt første gong i 1947, er dagboka blitt omsett til 50 språk og selt i over 25 millionar eksemplar.

Anne Frank lever vidare.

## Larsok

Jimmy Øvredal

No mørknar nettene mot midnattstimen,  
og kvelden pustar stillare enn før.  
Ein tagal frostrøyk driv i morgontrekken,  
og snipeskrika kverv ved natt- mot sør.

Og botnegraset stig frå mørke strender  
på veike stilkar i sitt overmot,  
og helsar sumarsol og nattekjølda  
med optimisme frå si våte rot!

Men røsslyng har bytt plass med klokkelingen  
som no har fått den brune hua på,  
og stråleglansen ifrå mjødurtskogen  
er liksom vorten overskya, grå-.

Men framleis er han overmett av farge  
den grøne bjørkeskogen under fjell,  
- for gullet som skal kle han i oktober  
ligg framleis trygt i sol som stig og fell!

Slik skifter livet for dei unge spirer  
som vaklar ustøtt på ei vårleg jord,  
- til hausten kjem og siste lauva losnar  
og vinglar viljelaust mot frosen, råkald jord.



Varme- & Bad-butikken din på Os  
**Engevik Rørleggerservice.**

Landboden, 5200 OS  
Tlf. 56 57 60 90 - Fax 56 57 60 91  
Mobil 90 78 68 98





## Bli abonnent du òg!

Her finn du  
SISTE NYTT  
om det som hender  
i heimbygda di!

**OS & FUSA** POSTEN

Postboks 273 – 5203 Os  
© 56 30 29 50 – Faks 56 30 24 77  
E-post: post@osogfusa.no  
www.osogfusa.no

## Os-elvarar i sølv og gull

Fin gave frå Osingar. Vert  
laga som pin, smykke,  
slipsnål og mansjettknapp

### Sølv

Liten pin	149.-
Stor pin	198.-
Lite anheng	149.-
Slipsnål	395.-
Mansjett- knappar	675.-



Liten pin	890.-
Stor pin	1750.-
Lite anheng	950.-
Liten gull oselver på sølv slipsnål som på biletet overst	1050.-

Torggata i Os sentrum 56300484 - Amtfisenteret Flåten 56300277

**Innelagring  
av båtar opp til 22 fot**  
[www.osbaathotell.no](http://www.osbaathotell.no)  
411 42 573  
**Terje Lunde**

## OS MÅLLAG

**Din totalleverandør av  
finansielle tenester**

**Nordea**

Filial Os - 5200 Os - Telefon 56 57 01 00 - Telefax 56 57 0110



## DnB NOR Os

Din lokale bank - banken som kjenner deg

[www.dnbnor.no](http://www.dnbnor.no)

**DnB NOR**

BESTILL DIN REISE HOS

**TRAVELNET**

**OS REISEBYRÅ A/S**

POSTBOX 274 - 5203 OS

**TELEFON: 56 30 43 00**

FAKS: 56 30 43 10

E-POST: [os@travelnet.no](mailto:os@travelnet.no)

[www.verden.no](http://www.verden.no)

**LYSSAND**

Senteret for alle som kører bil!

**Ny tilhenger?  
Vi har dekk og felg**

Tlf. 56 30 18 50, verksted: 56 30 61 90

mail: [gunnar@lyssand.no](mailto:gunnar@lyssand.no)

mail: [torgeir@lyssand.no](mailto:torgeir@lyssand.no)

Hjemmeside: [www.lyssandbil.no](http://www.lyssandbil.no)



**Kleiven Kjøtt  
og delikatesse AS**

**5200 Os - Tlf.: 56 30 10 83**

**SÆLEN MØBLER**

5212 SØFTELAND

TLF: 56 30 24 00

FAX: 56 30 76 58

BANKGIRO: 3631.09.32706

ORG. nr.: NO 862 988 302 MVA

## **Vi tilbyr alle tenester innanfor røyrleggarfaget, som:**

*Off. Vass- og kloakkanlegg • Varmeanlegg • Sanitæranlegg  
Leverer og installerer varmepumper*

*Rehabilitering av sanitær- og varmeanlegg  
Tilstandskontroll av sanitær- og varmeanlegg  
Servicearbeid på tekniske anlegg  
Tv-inspeksjon av røyr og kanaler  
Lokalisering av røyr og kablar  
Utleige av minigravar*



### **SAMDAL AS**

v v s - I n s p e k s j o n s t j e n e s t e

POSTBOKS 226, 5201 OS

TELEFON: 56 30 15 83 • FAX: 56 30 12 50




### **APOTEK 1**

Postboks 94 - 5202 OS

#### *Åpningstider:*

mandag–onsdag	09-00–17.00
torsdag	09.00–19.00
fredag	09.00–17.00
lørdag	09.00–15.00



## **Sparer du?**

Dei fleste draumar startar med sparing. Kanskje drøymer du om ny bustad, hytte, båt eller reise jorda rundt? Med månadleg sparing i aksjefond kan du realisere måla dine.

Besök oss på [www.spv.no](http://www.spv.no) eller kom innom i banken for å få meir informasjon om fondssparing.



**SparebankenVest**

*Me har alt du treng som malar  
når du eigenhendig balar.  
Men me hjelper gjerne til  
når du sleppa mala vil.*



5222 NORDSTRØNO - TLF. 56 30 80 81 - BUTIKK: 56 30 11 80

# Bohus

Telefon: 56 30 34 10

## Vi støttar det lokale kulturmiljøet!

Hjå oss får du alt du treng av bøker, faglitteratur og data, papir og rekvisita.

Vi har også mange godbitar frå ditt lokale miljø!

## Osøyro;libris

5200 Os  
Tlf: 56 30 04 30 | [osoyro@libris.no](mailto:osoyro@libris.no)  
[www.libris.no/osoyro](http://www.libris.no/osoyro)

  
**FARGERIKE®**  
Norges ledende farge- og interiørkjede

A.S OS FARGEHANDEL INTERIØREN

Steinneset - 5200 Os  
Telefon: 56 30 03 80 - Telefax: 56 30 14 72

Os Folkedanslag  
Skipa 1890



Vi støttar  
arbeidet til  
Os Mållag

Klær for heile familien

## CUBUS

Tlf 56 30 23 80

## OS MÅLLAG

SKIPA 1920

Styret	Os Mållag
Leiar	Mari hauge
Nestleiar	Eldbjørg Kræmmer
Skrivar	Mari Lyssand
Kasserar	Jonny Haugland
Styremedlem	Nils Olav Ness
Styremedlem	Målfrid Tveit Vaage

Velkomen som medlem!

Ta kontakt med eit av styremedlemene.

## Kvalitet!

- VERKTØY -
- MASKINER -
- REDSKAP -
- for
- HUS OG HAGE

**JERNIA**

P. M. SÆLEN & CO. A/S

Tlf. 56 30 44 90 - 5201 OS

# Myrabekken

Jimmy Øvredal

Det søyar i Myrabekken,  
- og månen er svart og ny.

Kronhjorten lyfter mulen  
og brøler mot uvèrssky!

Det kvervlar kring Myrabekken  
av lauv på si siste ferd,  
den einaste, so å seia-  
i denne, den harde verd!

Det slapsar i Myrabekken  
av gyteklar fisk i rus,  
og gullrogn vert rota ned i  
ei elvekald seng av grus.

Det ramlar i Myrabekken  
av straumjaga elvestein  
som rullar i hast mot hølen -  
uendeleg rund og rein!

Du høyrer knapt Myrabekken  
i sumarleg nattero.  
Men flaumstor syng bekken songen  
i forte fortissimo!

Foto: Vidar Langeland

